

FYLKESMANNEN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Vår dato: 28.11.2019

Vår ref.: 201710350-11

Arkiv: 323

Dykkar dato: 08.11.2019

Dykkar ref.: Helle.H.Bruland@fusa.kommune.no

Sakshandsamar:

Toralf Otnes

22959527/toot@nve.no

NVE trekker motsegn til områderegeringsplan for Eikelandsosen – Fusa kommune

Vi har motteke brev frå Fusa kommune datert 08.11.2019. Vi syner til brev datert 08.11.2019. Saka gjeld områderegeringsplan for Eikelandsosen. Fusa kommune ber NVE vurdere om det er grunnlag for å trekke motsegna til reguleringsplanen.

NVE fremja motsegn til områderegeringsplan for Eikelandsosen i brev datert 15.03.2019. Grunnlaget for motsegna var at naturfare var for dårleg utgreidd og teke omsyn til. Vi sa vidare at dersom Fusa kommune sytte for å få utgreidd farane, og innarbeider konklusjonane i planen, så vil grunnlaget for motsegna falle bort.

Dei aktuelle naturfarane som var for dårleg utgreidd ved offentleg ettersyn var fare for områdeskred av kvikkleire, fare for skred i bratt terreng, og flaum/erosjon.

Etter at vi fremja motsegna har Fusa kommune arbeidd godt med å avklare dei ulike motsegnspunkta. Vedlagt brevet datert 08.11.2019 finn vi:

- Notat frå kommunegeologen datert 27.08.2019. Kommunegeologen konkluderer med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire for størstedelen av planområdet. I eit område i nordvestre Koldal kan kommunegeologen ikkje avkrefta at det kan vere lommer med kvikkleire i grunnen. Det er difor avgrensa eit aktsemdområde som er teke inn i plankartet som omsynssone H310_2. Arealet under omsynssona er regulert som LNFR.
- Skredfarevurdering utført av Multiconsult og datert 18.09.2019. Vurderinga friskmelder BFS56-59 og BOP1 med omsyn på skredfare.
- Flaumberekning og flaumsonkart for Lundarvikselva og Koldalselva. Rapporten er utarbeidd av A/STAB og datert 07.11.2019. Flaumsoner er innarbeidd i plankartet som omsynssone H320_1.

Vi har ikkje sett skredfareutgreiingane for BN10 og BN11, men forstår av sakshandsamar at det er gjennomført faresonekartlegging her tidlegare. Dette bør gå tydeleg fram av planmaterialet.

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fusa kommune har følgd opp motsegnspunkta i så stor grad at vi etter ei samla vurdering finn at grunnlaget for NVE si motsegn til planen har falle bort. **NVE trekker difor motsegn til områderegeringsplan for Eikelandsosen.**

Ved samlaupet mellom Lundarvikselva og Koldalselva synes flaumsonene/omsynssonene å ha ei noko rar avslutning. Vi reknar med at ein der er så lågt at det kan vere havnivået som er dimensjonerande flaumhøgde. Fusa kommune bør innarbeide 200 års stormflo i 2100 som omsynssone i plankartet. Flaumhøgder er å finne på Statens kartverk sine nettsider [Se havnivå](#).

Fusa kommune bør be A/STAB om å oppdatere flaumrapporten med ein tabell som syner berekna flaumhøgder i dei ulike profila. Ein slik tabell er ein naturleg del av leveransen, og heilt naudsynt for kommunen når flaumsonkartet skal nyttast i sakshandsaminga.

Sjølv om vi trekker motsegna er vurdering av flaumfare rundt Skjelbreidvatnet mangelfull. Vi finn ei omsynssone H320_2, som i følgje føresegnene er basert på aktsemdkart. Omsynssona har ei avgrensing som vi ikkje heilt forstår. Aktsemdkart for flaum for vatnet er basert på ei potensiell vasstandsstiging på ca. 5,5 m over normalvasstanden. Vi oppmodar Fusa kommune til å sette ei byggegrense mot vatnet på denne høgda så lenge det ikkje er gjort nærare vurderingar av flaumfaren rundt vatnet.

Omsynssone H740 Bandlegging etter andre lover bør innarbeidast i føresegnene. Det bør synast til Energilova.

Med helsing

Siss-May Edvardsen
fung. regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fusa kommune